



# SKRIV OG MELDINGAR

1. Årsplan for styret 2022
2. Protokoll frå føretaksmøte  
23.02.2022
3. Vedtekter for Helse Fonna HF

**ÅRSPLAN 2022  
FOR STYRET I HELSE FONNA HF**

**1. kvartal 2022**

14.01.22	Haugesund	Styremøte kl. 09 Årleg melding Styrets eignevaluering og evaluering av adm. dir. Riksrevisjonens kontroll med forvaltninga av statlege selskap	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Eventuelt Skriv og meldingar Månadsrapport bygg
23.03.22	Stavanger	<b>Eventuelt styremøte kl. 1300 - 1700</b>	Styremiddag RHF-styret, HF-styra Kl. 1900 - 2200
24.03.22	Stavanger	Styreseminar RHF-styret og HF- styra  Føretaksmøte	

**2. kvartal 2022**

19. april	Stord	Styremøte kl. 12 Styringsdokument for Helse Fonna HF 2022 Styrets årsmelding og årsrekneskap Forhandlingsfullmakt til lønnsoppgjeret. Leiingas gjennomgang av internkontroll	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg  Besøk av Helse Vest kl 1600 Synfaring og fellesmøte med styret i Helse Fonna HF Felles middag med styret i Helse Fonna HF
24.05.22	Odda sjukehus	Styremøte kl. 12 Leiingas gjennomgang av IKT tryggleik Økonomisk langtidsplan Gjennomgang av styrande dokument	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Diverse årsrapportar Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg
25.05.22	Ullensvang	Styreseminar kl 9-12	
17.06.22	Haugesund Hotel Maritim	Styremøte kl. 09 Rapportering på styringsdokumentet Årsmeldingar frå pasient og brukaromboda i Vestland, Rogaland og nasjonalt Årsplan for styret 2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg

		Fellesmøte med brukarutvalet og ungdomsrådet	
<b>3. kvartal 2022</b>			
28.09.22	Haugesund	Styremøte kl. 09 Forskingsaktivitet Helse Fonna Årsrapport NPE-saker Nasjonale kvalitetsindikatorar	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg
<b>4. kvartal 2022</b>			
28.10.22	Stord sjukehus	Styremøte og styreseminar kl 09 Sjukefråvær Evaluering av ferieavvikling 2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg
25.11.22	Haugesund	Styremøte kl. 09 Budsjett og investeringsbudsjett 2022 Evaluering av løn og vilkår til administrerande direktør	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg

## PROTOKOLL

### FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FONNA HF

Onsdag 23. februar 2022 kl. 15.00 blei det halde føretaksmøte per telefon i Helse Fonna HF.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Styringsdokument 2022
4. Val av styremedlemmer, jf. helseføretakslova § 21
5. Fastsetting av styregodtgjering, jf. helseføretakslova § 21 tredje ledd
6. Endring av vedtektene

Frå Helse Vest RHF møte: Agnes Landstad, styreleiar

Frå styret møte: Brian Bjordal, nestleiar  
Anne Sissel Faugstad

Frå administrasjonen møte: Olav Klausen, administrerende direktør

Også tilstades: Inger Cathrine Bryne, administrerende direktør Helse Vest RHF  
Ivar Eriksen, eigardirektør

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

## **Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Agnes Landstad, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen.

Brian Bjordal og Agnes Landstad blei valt til å underskrive protokollen.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

## **Sak 2 Dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

## **Sak 3 Styringsdokument 2022**

Det blir kvart år utarbeidd eit styringsdokument som inneheld eigars styringsbodskap til Helse Fonna HF. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumenta til helseføretaka i styremøte 15. februar 2022.

Gjennom styringsdokumentet gir Helse Vest RHF ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2022. Styringsdokumenta klargjer dei premisser og rammer som gjeld for verksemdene, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til helseføretaka.

Helseføretaket skal utføre pålagte oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammer og ressursar som er stilt til rådighet. Midlane skal nyttast på ein effektiv måte og slik at dei kjem pasientane til gode.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vedtek styringsdokument for 2022 for Helse Fonna HF.

## **Sak 4 Val av styremedlemmer, jf. helseføretakslova § 21**

Etter helseføretakslova § 24 blir styremedlemmene valde for to år. Sitjande styremedlemmer blei valde i føretaksmøtet 4. mars 2020.

Eigar gjorde greie for at styreleiar Per Bjørn Habbestad og styremedlem Solfrid Borge går ut av styret. Petter Steen jr. blir vald som ny styreleiar og Helga Arianson som nytt styremedlem.

Møteleiar spurde om det var merknadar til saka. Det var det ikkje.

Føretaksmøtet vedtok:

**Følgjande personar blir oppnemnde som representantar til styret i Helse Fonna HF:**

**Petter Steen jr.  
Brian Bjordal  
Ingvill Skogseth  
Anne Sissel Faugstad  
Kjersti Follesø  
Helga Arianson  
Per Karlsen**

**Føretaksmøtet vel Petter Steen jr. som styreleiar og Brian Bjordal som nestleiar.**

#### **Sak 5 Fastsetting av styregodtgjering, jf. helseføretakslova § 21 tredje ledd**

Styregodtgjering til styremedlemmer i underliggjande helseføretak er blitt regulert anna kvart år, sist i føretaksmøte 4. mars 2020. Styregodtgjering til styra i underliggjande helseføretak blir regulert tilsvarande auken som i år er gjort for styret i Helse Vest RHF i føretaksmøte 7. januar 2022.

Møteleiar spurde om det var merknadar til saka. Det var det ikkje.

Føretaksmøtet vedtok:

**«Føretaksmøtet fastset styregodtgjeringa f.o.m 2022 til:**

**Styreleiar   kr 223.500,- per år  
Nestleiar   kr 157.100,- per år  
Medlemmer  kr 126.900,- per år**

**Varamedlemmer får ei godtgjering tilsvarande 4 % av ordinært styrehonorar per møte.»**

#### **Sak 6 Endring av vedtektene**

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 8. desember 2021 sak om endringar i vedtektene i helseføretaka. Endringane gjeld i første rekke omsetting av vedtektene til nynorsk. I tillegg er det gjort ein gjennomgang for å sikre at vedtektene er i samsvar med gjeldande praksis for styring og oppfølging av helseføretaka.

I styremøtet i Helse Vest RHF blei det i tillegg behandla ei sak om endring av vedtektene § 15 som oppfølging av tilsvarande endring i Helse Vest RHF sine vedtekter vedteke i føretaksmøtet for Helse Vest RHF 10. januar 2022.

Føretaksmøtet vedtok:

Nye vedtekter for Helse Fonna HF skal lyde:

### **§ 1 Namn**

Namnet på helseføretaket er Helse Fonna HF.

### **§ 2 Eigar**

Helse Fonna HF er fullt ut eigd av Helse Vest RHF.

### **§ 3 Hovudkontor**

Helse Fonna HF har hovudkontor i Haugesund kommune.

### **§ 4 Formål**

Helse Fonna HF skal drive verksemda med sikte på å yte gode og likeverdige spesialisthelsetenester til alle som treng det når dei treng det, uavhengig av alder, kjønn, bustad, økonomi og etnisk bakgrunn, og legge til rette for forskning og undervising. Helse Fonna HF skal bidra til at spesialisthelsetenesta sine mål blir oppfylte innanfor området til Helse Vest RHF.

### **§ 5 Hovudoppgåver**

Helse Fonna HF skal drive verksemda med sikte på å nå nasjonale helse-, forskings- og utdanningspolitiske mål og helseføretaksgruppa sine samla mål innanfor dei resultatkrava og rammene fastsette gjennom vedtekter, vedtak gjorde i føretaksmøtet, avtalar med Helse Vest RHF, tildelte løyvingar og vilkår knytte til løyvingsvedtaka. Omsynet til brukarane skal bli lagt til grunn for føretaket si samla verksemd.

Hovudoppgåvene som Helse Fonna HF skal bidra til å utføre fell innanfor:

- pasientbehandling
- utdanning av helsepersonell
- forskning
- opplæring av pasientar og pårørande
- utvikling av medisinsk praksis, pleie og kompetanseutvikling
- samarbeidsrelasjonar og -rutinar med kommunar og fylkeskommunale samarbeidspartar

Kva oppgåver som Helse Fonna HF skal vareta og omfanget av desse, blir definerte av Helse Vest RHF gjennom eit årleg styringsdokument. Desse vil mellom anna omfatte:

- somatisk helseteneste
- psykisk helsevern
- tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk
- laboratorietenester og radiologiske tenester
- sjuketransport, ambulanseneste og naudmeldeteneste

- helsefremjande og førebyggjande arbeid
- beredskap innanfor helsetilhøve og sosiale tilhøve
- rehabilitering og habilitering

Helse Fonna HF pliktar å levere på det styringsdokumentet frå Helse Vest RHF fastset innanfor dei inntektsrammene som blir sette. Helse Fonna HF skal ikkje utføre oppgåver som vesentleg avvik frå dei som er spesifiserte i styringsdokumentet. Helse Vest RHF fastset dei vurderingskriteria som skal nyttast for å evaluere vesentlege endringar i behandlingsmetodar.

Helse Vest RHF avgjer kven som skal vere avtalepart ved levering av helsetenester frå eksterne. Vesentlege avtalar med private serviceleverandørar og større investeringar som ikkje går fram av vedtekne budsjett og planar, skal godkjennast av Helse Vest RHF.

Helse Fonna HF skal bidra til samarbeid i regionen, slik at det totalt sett blir oppnådd føremålstenleg og rasjonell bruk av ressursane. Helse Fonna HF skal også bidra til samarbeid med andre regionale helseføretak og helseføretak eigde av desse, når dette er eigna til å fremje formålet til Helse Vest RHF.

Helse Fonna HF skal, innanfor sitt ansvarsområde, søkje nødvendig samarbeid med og rettleie kommunane, både administrativt og klinisk, slik at pasientane blir sikra eit heilskapleg helse- og sosialtenestetilbod. Det same gjeld til samarbeidspartnarar som mellom anna det statlege barne- og familievern, og andre aktuelle statlege ansvarsområde.

## **§ 6 Føretaksmøte i Helse Fonna HF**

Det skal gjennomførast føretaksmøte innan utgangen av juni månad kvart år for å behandle årsrekneskap og årsmelding, jf. helseføretakslova § 43, jf. rekneskapslova § 3-1, og for behandling av årleg melding som omtalt i helseføretakslova § 34, jf. § 13 i vedtektene for Helse Fonna HF. Ytterlegare føretaksmøte blir bestemt av Helse Vest RHF.

## **§ 7 Styrande organ**

Helse Fonna HF blir leia av eit styre. Styret skal ha elleve medlemmer.

Sju medlemmer blir oppnemnde av føretaksmøtet som vel leiar og nestleiar i styret. I tillegg vel dei tilsette fire styremedlemmer med varamedlemmer.

Med utgangspunkt i dei partstilhøva som då vil gjelde, deltek styremedlemmer som er valde av dei tilsette, ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettsvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar i helseføretaket kan ikkje vere medlem i styret.

## **§ 8 Vedtak som skal gjerast av føretaksmøtet**

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF skal gjere vedtak i alle saker som vil vere av vesentleg eller prinsipiell betyding helsepolitisk, forskingspolitisk, utdanningspolitisk eller samfunnsmessig, jf. helseføretakslova § 30. Det gjeld mellom anna saker som:

1. utskiljing av større delar av verksemda



2. deltaking i omfattande samarbeid eller vesentlege endringar i dette
3. omfattande endringar i tenestetilbodet

Det same gjeld sal av sjukehusverksemd, jf. helseføretakslova § 32.

Styret skal innan rimelig tid sende saker som nemnde i første og andre ledd, til Helse Vest RHF.

### **§ 9 Sal av føretaket sine faste eigedomar**

Vedtak om å pantsetje eller avhende fast eigedom blir gjort av føretaksmøtet i Helse Fonna HF etter forslag frå styret etter reglane i helseføretakslova § 31, jf. § 10.

Styret i Helse Fonna HF kan likevel gjere vedtak om å avhende fast eigedom når eigedomen er verdsett til under 10 millionar kroner.

### **§ 10 Låneopptak**

Helse Fonna HF kan ikkje ta opp lån frå andre enn Helse Vest RHF. Eventuelle låneopptak skal godkjennast av styret i Helse Vest RHF.

### **§ 11 Universiteta og høgskulen sine oppgåver**

Styret skal, innanfor sitt ansvarsområde, bidra til at rettane og interessene til universitet og høgskular knytte til undervising og forskning blir ivaretekne.

Helse Fonna HF skal vidareføre rettar og plikter som universitet og høgskular hadde mot dei verksemdene som blei lagde under Helse Fonna HF ved etableringa av føretaket. Dette gjeld alle rettar som universitet og høgskular har til å bruke føretaket sin faste eigedom, utstyr og andre formuesgjenstandar, både rettar som går fram av avtalar, vilkår for løyvingar og liknande.

Ved utløp av gjeldande avtalar, eller innan rimeleg tid, skal det etablerast nye avtalar som presiserer omfang, art, ansvar og eventuell kompensasjon. Alle vesentlege avtalar skal godkjennast av Helse Vest RHF.

### **§ 12 Medverknad frå pasientar og pårørande**

Styret skal sjå til at rettar og interesser til pasientar og pårørande blir varetekne, mellom anna gjennom eit fast samarbeid med deira organisasjonar.

Styret skal også sjå til at samiske organisasjonar, nasjonale minoritetsorganisasjonar og innvandrarorganisasjonar i helseregionen blir høyrde i arbeidet med planlegging og drift av tenestene.

Styret skal også sjå til at erfaringar, behovsvurderingar, prioriteringar og synspunkt som blir innhenta frå pasientar og pårørande og deira organisasjonar, blir gitte ein sentral plass i planlegging og drift. Det skal gå fram av oversendinga av årleg melding at brukarutvalet er førelagt meldinga før ho blir send Helse Vest RHF, jf. § 13. Meldinga frå pasientomboda skal leggjast ved meldinga til Helse Vest RHF.

## **§ 13 Rapportering til Helse Vest RHF**

### *Årleg melding*

Styret skal kvart år sende ei melding til Helse Vest RHF som omfattar:

- styret sitt plandokument for verksemda
- styret sin rapport for føregående år

Plandokumentet skal vere av strategisk og overordna karakter og vise hovudtrekka i verksemda si framtidige drift innanfor dei rammene som er gitte av Helse Vest RHF som eigar. Denne delen av plandokumentet vil inngå i plandokumentet til Helse Vest RHF, som igjen vil inngå i grunnlaget for behandling av dei enkelte år sine statsbudsjett.

Plandokumentet skal vidare, med utgangspunkt i vurderingar av eksisterande drift, gi omtale av forventa endringar i befolkninga sine behov for helsetenester og i den helsefaglege utviklinga på fagområda. I tillegg skal dokumentet vise behovet for utvikling og endring av tenestene og drifta av verksemda. I plandokumentet skal det også komme fram styret si vurdering av ressursbruken for dei næraste åra, med forslag til finansiering.

Rapporten om verksemda frå føregående kalenderår skal vise korleis pålegg og føringar gitte i styringsdokument og føretaksmøter er følgde opp. Rapporten skal også vise verksemda si utvikling i forhold til Helse Fonna HF's plandokument.

### *Anna rapportering*

Helse Fonna HF pliktar å rapportere til Helse Vest RHF etter den rapporteringsstrukturen og i det omfanget Helse Vest RHF har definert.

Styret pliktar straks å melde frå til Helse Vest RHF dersom det ligg føre vesentlege avvik, eller det kan forventast å oppstå vesentlege avvik, i høve styringsdokumentet frå Helse Vest RHF med tanke på produksjon av tenester, kvalitet, servicenivå o.l. I tillegg pliktar styret straks å melde frå til Helse Vest RHF ved faktiske eller forventa budsjettoverskridingar av betydning, brot på lover og reglar, eller dersom eigenkapitalen blir eller er venta å bli uforsvarleg låg.

## **§ 14 Arbeidsgivartilknytning**

Helse Fonna HF skal vere medlem av arbeidsgjevarforeininga Spekter.

## **§ 15 Retningslinjer og rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar**

Helse Fonna HF skal følge allmennaksjelova §§ 6-16a *Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper*, 6-16b *Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper* og *Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer*.

Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skal bli lagt fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Retningslinjene skal også innehalde ei utgreiing om korleis ”Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel”

er fulgd opp i heileigde dotterselskap. Lønsrapport i samsvar med allmennaksjelova § 6-16b og forskrifta skal seinast bli lagt fram for ordinært føretaksmøte frå og med 2023.

### **§ 16 Endring av vedtektene**

Endring av desse vedtektene blir gjort i føretaksmøtet i Helse Fonna HF, jf. helseføretakslova § 12.

Styret vurderer og tar eventuelt opp endringar i vedtektene dersom dette er nødvendig for å vareta Helse Fonna HF sitt formål og hovudoppgåver.

\_\_\_\_\_, den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_, den \_\_\_\_\_

Brian Bjordal

Agnes Landstad

# Vedtekter Helse Fonna HF

Fastsett i stiftingsmøte 5. desember 2001, sist endra i føretaksmøte 23. februar 2022

## § 1 Namn

Namnet på helseføretaket er Helse Fonna HF.

## § 2 Eigar

Helse Fonna HF er fullt ut eigd av Helse Vest RHF.

## § 3 Hovudkontor

Helse Fonna HF har hovudkontor i Haugesund kommune.

## § 4 Formål

Helse Fonna HF skal drive verksemda med sikte på å yte gode og likeverdige spesialisthelsetenester til alle som treng det når dei treng det, uavhengig av alder, kjønn, bustad, økonomi og etnisk bakgrunn, og legge til rette for forskning og undervising. Helse Fonna HF skal bidra til at spesialisthelsetenesta sine mål blir oppfylte innanfor området til Helse Vest RHF.

## § 5 Hovudoppgåver

Helse Fonna HF skal drive verksemda med sikte på å nå nasjonale helse-, forskings- og utdanningspolitiske mål og helseføretaksgruppa sine samla mål innanfor dei resultatkrava og rammene fastsette gjennom vedtekter, vedtak gjorde i føretaksmøtet, avtalar med Helse Vest RHF, tildelte løyvingar og vilkår knytte til løyvingsvedtaka. Omsynet til brukarane skal bli lagt til grunn for føretaket si samla verksemd.

Hovudoppgåvene som Helse Fonna HF skal bidra til å utføre fell innanfor:

- pasientbehandling
- utdanning av helsepersonell
- forskning
- opplæring av pasientar og pårørande
- utvikling av medisinsk praksis, pleie og kompetanseutvikling
- samarbeidsrelasjonar og -rutinar med kommunar og fylkeskommunale samarbeidspartar

Kva oppgåver som Helse Fonna HF skal vareta og omfanget av desse, blir definerte av Helse Vest RHF gjennom eit årleg styringsdokument. Desse vil mellom anna omfatte:

- somatisk helseteneste
- psykisk helsevern
- tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk
- laboratorietenester og radiologiske tenester
- sjuketransport, ambulanseteneste og naudmeldeteneste
- helsefremjande og førebyggjande arbeid
- beredskap innanfor helsetilhøve og sosiale tilhøve
- rehabilitering og habilitering

Helse Fonna HF pliktar å levere på det styringsdokumentet frå Helse Vest RHF fastset innanfor dei inntektsrammene som bli sette. Helse Fonna HF skal ikkje utføre oppgåver som vesentleg avvik frå dei som er spesifiserte i styringsdokumentet. Helse Vest RHF fastset dei vurderingskriteria som skal nyttast for å evaluere vesentlege endringar i behandlingsmetodar.

Helse Vest RHF avgjer kven som skal vere avtalepart ved levering av helsetenester frå eksterne. Vesentlege avtalar med private serviceleverandørar og større investeringar som ikkje går fram av vedtekne budsjett og planar, skal godkjennast av Helse Vest RHF.

Helse Fonna HF skal bidra til samarbeid i regionen, slik at det totalt sett blir oppnådd føremålstenleg og rasjonell bruk av ressursane. Helse Fonna HF skal også bidra til samarbeid med andre regionale helseføretak og helseføretak eigde av desse, når dette er eigna til å fremje formålet til Helse Vest RHF.

Helse Fonna HF skal, innanfor sitt ansvarsområde, søkje nødvendig samarbeid med og rettleie kommunane, både administrativt og klinisk, slik at pasientane blir sikra eit heilskapleg helse- og sosialtenestetilbod. Det same gjeld til samarbeidspartnarar som mellom anna det statlege barne- og familievern, og andre aktuelle statlege ansvarsområde.

## **§ 6 Føretaksmøte i Helse Fonna HF**

Det skal gjennomførast føretaksmøte innan utgangen av juni månad kvart år for å behandle årsrekneskap og årsmelding, jf. helseføretakslova § 43, jf. rekneskapslova § 3-1, og for behandling av årleg melding som omtalt i helseføretakslova § 34, jf. § 13 i vedtektene for Helse Fonna HF. Ytterlegare føretaksmøte blir bestemt av Helse Vest RHF.

## **§ 7 Styrande organ**

Helse Fonna HF blir leia av eit styre. Styret skal ha elleve medlemmer.

Sju medlemmer blir oppnemnde av føretaksmøtet som vel leiar og nestleiar i styret. I tillegg vel dei tilsette fire styremedlemmer med varamedlemmer.

Med utgangspunkt i dei partstilhøva som då vil gjelde, deltek styremedlemmer som er valde av dei tilsette, ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Styret tilset dagleg leiar. Dagleg leiar i helseføretaket kan ikkje vere medlem i styret.

## **§ 8 Vedtak som skal gjerast av føretaksmøtet**

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF skal gjere vedtak i alle saker som vil vere av vesentleg eller prinsipiell betydning helsepolitisk, forskingspolitisk, utdanningspolitisk eller samfunnsmessig, jf. helseføretakslova § 30. Det gjeld mellom anna saker som:

1. utskiljing av større delar av verksemda
2. deltaking i omfattande samarbeid eller vesentlege endringar i dette
3. omfattande endringar i tenestetilbodet

Det same gjeld sal av sjukehusverksemd, jf. helseføretakslova § 32.

Styret skal innan rimelig tid sende saker som nemnde i første og andre ledd, til Helse Vest RHF.

## **§ 9 Sal av føretaket sine faste eiendomar**

Vedtak om å pantsetje eller avhende fast eiendom blir gjort av føretaksmøtet i Helse Fonna HF etter forslag frå styret etter reglane i helseføretakslova § 31, jf. § 10.

Styret i Helse Fonna HF kan likevel gjere vedtak om å avhende fast eiendom når eiendomen er verdsett til under 10 millionar kroner.

## **§ 10 Låneopptak**

Helse Fonna HF kan ikkje ta opp lån frå andre enn Helse Vest RHF. Eventuelle låneopptak skal godkjennast av styret i Helse Vest RHF.

## **§ 11 Universiteta og høgskulen sine oppgåver**

Styret skal, innanfor sitt ansvarsområde, bidra til at rettane og interessene til universitet og høgskular knytte til undervising og forskning blir ivaretekne.

Helse Fonna HF skal vidareføre rettar og plikter som universitet og høgskular hadde mot dei verksemdene som blei lagde under Helse Fonna HF ved etableringa av føretaket. Dette gjeld alle rettar som universitet og høgskular har til å bruke føretaket sin faste eiendom, utstyr og andre formuesgjenstandar, både rettar som går fram av avtalar, vilkår for løyvingar og liknande.

Ved utløp av gjeldande avtalar, eller innan rimeleg tid, skal det etablerast nye avtalar som presiserer omfang, art, ansvar og eventuell kompensasjon. Alle vesentlege avtalar skal godkjennast av Helse Vest RHF.

## **§ 12 Medverknad frå pasientar og pårørande**

Styret skal sjå til at rettar og interesser til pasientar og pårørande blir varetekne, mellom anna gjennom eit fast samarbeid med deira organisasjonar.

Styret skal også sjå til at samiske organisasjonar, nasjonale minoritetsorganisasjonar og innvandrorganisasjonar i helseregionen blir høyrde i arbeidet med planlegging og drift av tenestene.

Styret skal også sjå til at erfaringar, behovsvurderingar, prioriteringar og synspunkt som blir innhenta frå pasientar og pårørande og deira organisasjonar, blir gitte ein sentral plass i planlegging og drift. Det skal gå fram av oversendinga av årleg melding at brukarutvalet er førelagt meldinga før ho blir send Helse Vest RHF, jf. § 13. Meldinga frå pasientomboda skal leggjast ved meldinga til Helse Vest RHF.

## **§ 13 Rapportering til Helse Vest RHF**

### *Årleg melding*

Styret skal kvart år sende ei melding til Helse Vest RHF som omfattar:

- styret sitt plandokument for verksemda
- styret sin rapport for føregåande år

Plandokumentet skal vere av strategisk og overordna karakter og vise hovudtrekka i verksemda si framtidige drift innanfor dei rammene som er gitte av Helse Vest RHF som eigar. Denne delen av plandokumentet vil inngå i plandokumentet til Helse Vest RHF, som igjen vil inngå i grunnlaget for behandling av dei enkelte år sine statsbudsjett.

Plandokumentet skal vidare, med utgangspunkt i vurderingar av eksisterande drift, gi omtale av forventade endringar i befolkninga sine behov for helsetenester og i den helsefaglege utviklinga på fagområda. I tillegg skal dokumentet vise behovet for utvikling og endring av tenestene og drifta av verksemda. I plandokumentet skal det også komme fram styret si vurdering av ressursbruken for dei næraste åra, med forslag til finansiering.

Rapporten om verksemda frå føregåande kalenderår skal vise korleis pålegg og føringar gitte i styringsdokument og føretaksmøter er følgde opp. Rapporten skal også vise verksemda si utvikling i forhold til Helse Fonna HFs plandokument.

#### *Anna rapportering*

Helse Fonna HF pliktar å rapportere til Helse Vest RHF etter den rapporteringsstrukturen og i det omfanget Helse Vest RHF har definert.

Styret pliktar straks å melde frå til Helse Vest RHF dersom det ligg føre vesentlege avvik, eller det kan forventast å oppstå vesentlege avvik, i høve styringsdokumentet frå Helse Vest RHF med tanke på produksjon av tenester, kvalitet, servicenivå o.l. I tillegg pliktar styret straks å melde frå til Helse Vest RHF ved faktiske eller forventade budsjettoverskridingar av betydning, brot på lover og reglar, eller dersom egenkapitalen blir eller er venta å bli uforsvarleg låg.

#### **§ 14 Arbeidsgivartilknytning**

Helse Fonna HF skal vere medlem av arbeidsgjevarforeininga Spekter.

#### **§ 15 Retningslinjer og rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar**

Helse Fonna HF skal følge allmennaksjelova §§ 6-16a *Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjering til ledende personer i noterte selskaper*, 6-16b *Rapport om lønn og annen godtgjering til ledende personer i noterte selskaper* og *Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjering for ledende personer*.

Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skal bli lagt fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Retningslinjene skal også innehalde ei utgreiing om korleis "Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel" er følgd opp i heileigde dotterselskap. Lønsrapport i samsvar med allmennaksjelova § 6-16b og forskrifta skal seinast bli lagt fram for ordinært føretaksmøte frå og med 2023.

#### **§ 16 Endring av vedtektene**

Endring av desse vedtektene blir gjort i føretaksmøtet i Helse Fonna HF, jf. helseføretakslova § 12.

Styret vurderer og tar eventuelt opp endringar i vedtektene dersom dette er nødvendig for å vareta Helse Fonna HF sitt formål og hovudoppgåver.